



FYLKESMANNEN I ROGALAND

Søknad frå Nortura Sandeid i Vindafjord kommune om utsleppsløyve for slakteri - Utlegging av søknaden til offentleg ettersyn

Nortura Sandeid har søkt Fylkesmannen i Rogaland om utsleppsløyve etter forureiningslova for slakteriverksemd på eigedommen gnr. 13 og bnr.129, 132, 229, 255, 199 i Sandeid i Vindafjord kommune.

Nortura Sandeid tar i mot og slaktar storfe, småfe og gris. Verksemda har allereie eit utsleppsløve, men søkjer nå om å auke produksjonen og utsleppet. Det er søkt om å slakte til saman 11 000 tonn/år og skjære 1500 tonn/år. I tillegg søkjer Nortura om produksjon av 1500 tonn plussprodukt årleg.

Nortura Sandeid er knytta til offentleg nett og avløpet vert slept ut innerst i Sandeidfjorden.

Søknaden og saksdokumenta er lagt ut til offentleg ettersyn i Vindafjord kommune og på Fylkesmannen i Rogaland sin nettside www.fylkesmannen.no/rogaland under ”miljø og klima” og ”høyringar”.

Merknader til søknaden skal sendast til Fylkesmannen i Rogaland, miljøvernavdelinga, postboks 59, 4001 Stavanger, innan fem veker frå kunngjeringstidspunktet.



Vindafjord kommune
Rådhuset
5580 Ølen

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Offentleg ettersyn av søknad - Nortura Sandeid

Fylkesmannen ber kommunen leggje eitt eksemplar av søknaden ut til offentlig innsyn.

Fylkesmannen vil leggje ut ei kunngjering i avisene og på www.fylkesmannen.no/rogaland ein av dei nærmaste dagane.

Aktuelle råd, interesseorganisasjonar og andre som kan ha interesse i saka må uttale seg innan fire veker etter at brevet er motteke.

Vi ber om at kommunen informerer oss om lokale forhold som me bør ta omsyn til når vi avgjer søknaden. Dette kan dreie seg om spesielle helse- og miljøforhold, reguleringsplanar, interesser i området og naboforhold.

1. Søknaden

Vi viser til vedlagte søknad datert 30.08.2013.

1.1 Produksjon

Nortura Sandeid søker i samsvar med §§ 11 og 16 i "Lov om vern mot forurensninger og om avfall", om løyve til å auke produksjonen og utsleppa ved slakteriet i Sandeid i Vindafjord kommune.

Nortura Sandeid har i dag eit utsleppsløyve frå 04.01.1990 med seinare endringar.

Produkt	I gjeldande løyve	Produksjon i dag, 2012 (tonn/år)	Søknad (tonn/år)
Slaktemengde	7 000	8831	11 000
Skjæring	Ikkje regulert i gjeldande løyve	109	500
Plussprodukter	Ikkje regulert i gjeldande løyve	950	1500

Nortura Sandeid har en ein produksjonskapasitet som gjer at verksemda kjem inn under "RÅDSDIREKTIV 96/61/EF av 24. september 1996" (IPPC-direktivet) om integrert førebygging og avgrensing av forureining, jfr. artikkel 1 og artikkel 2, pkt. 4. Direktivet er implementert i norsk lovgjeving gjennom EØS-avtalen og set krav til forureiningsstyresmaktene si oppfølging av verksemdene og dei plikter verksemdene har i høve til miljøet. Løyver som blir gitt etter forureiningslova, skal være i samsvar med dette direktivet. Blant anna gjeld krav om at beste

tilgjengelege teknikkar (BAT¹) skal nyttast for å redusera spill og forureiningar. I tillegg til reinsing, blir det fokusert på optimal bruk av energi og vatn. I søknaden er det er lagt ved ei utgreiing (IPPC-rapport, vedlegg 3 i søknaden) som syner korleis produksjonen skal tilpassast IPPC-krava.

Det er laga manualar (BREF²) som syner kva som er BAT for den einskilde bransje. Den som gjeld for slakteria kan lesast her:

ftp://ftp.jrc.es/pub/eippcb/doc/sa_bref_0505.pdf

Eit dansk samandrag kan lesast her:

http://circa.europa.eu/Public/irc/env/ipcc_brefs/library?l=/slaughterhouses&vm=detailed&sb=Title

1.2 Forureining

Den mest markante forureininga i avlaupsvatnet er organisk stoff. Dette blir målt som oksygenforbruket ved biologisk nedbryting over 5 døgn (BOF₅). Det er søkt om utslepp av gjennomsnittleg BOF₅ på 400 kg/døgn. Dette svarar til eit gjennomsnittleg utslepp på omlag 6700 personekvivalentar (pe).

	Utsleppsgrenser i utsleppsløyve av 04.01.1990 med seinare endringar	Søknad (gjennomsnittleg)	Søknad (maksimalt)
BOF7	300 kg/dag og 42 tonn/år		
BOF5		400 kg/døgn	600 kg/døgn og 88 tonn/år
Fett		400 mg/l	

Temperatur: Temperaturen i fettutskillar er 40 °C når skoldekar for gris vert tømt samla. Skoldekaret har et volum på 8 m³. For å halde temperaturen i fettutskillaren under 30 °C må skoldekaret tømmast langsamt.

Vaske- og desinfeksjonsmiddel:

Av hovudreingjeringsmiddelet (Ecofoam CL) vart det i 2012 brukt 11 m³. I tillegg vart det brukt til saman 2.2 m³ av andre vaske- og desinfeksjonsmiddel. Alle midla er merka «R50- meget giftig for vannlevende organismer». Ecofoam CL inneheld lut (NaOH) og alkylaminoksider.

Vask av produksjonslokala skjer frå ca kl 15.00 til ca kl 19.00. På side 6 i vedlegg 8 er det vist ein oversikt over pH i avløpsvatnet i perioden frå 07.30 til 16.00. pH skulle vore målt om ettermiddagen og utover kvelden for å få med kva innverknad dei svært basiske vaske- og desinfeksjonsmidla har på pH i avløpet.

1.3 Planlagde reinsetiltak

Eksisterande reinseanlegg består av siler og fettutskillar. Volum på fettutskillaren er 7,7 m³. Utløpspumpene har ein kapasitet på ca 30 m³/t. Kun ei av pumpene blir nytta om gongen. Sila har ein kapasitet på mellom 40 og 60 m³/t (avhengig av mengde tørrstoff i avløpsvatnet) og ei spalteopning på 1,0 millimeter. For nærare beskriving av reinseanlegget sjå side 6 i vedlegg 1 til søknaden. Sanitæravløp vert ført direkte til kommunalt nett og går ikkje via reinseanlegget for prosessvatn. Utsleppsverdiane som det er søkt om er basert på at eit flotasjonsanlegg vert installert for å betre reinsinga.

¹ BAT: Best Available Techniques

² BREF: BAT- Reference Document

1.4 Utsleppspunkt

Prosessvatnet vert ført til kommunalt nett, utsleppspunktet er i Sandeidfjorden. Største djup i fjorden er 370 meter, og det er ein terskel på 235 meter utanfor Vikedal. Utsleppspunktet er på 58 meter og ca 100 meter frå land. På side 9 i vedlegg 1 er utsleppspunktet vist i eit flyfoto.

1.5 Resipientundersøking

NIVA har gjennomført undersøkingar i Sandeidfjorden som er samla i rapport «Undersøkelse av tilstand for bløtbunnsfauna i Sandeidfjorden i 2013» (Rapport L.NR.6542-2013). Undersøkinga omfatta ein stasjon rett utanfor utsleppspunktet (SAN1A) og ein stasjon i djupområdet på 300 meter (SAN2). På SAN1A var det på grunn av botntilhøva berre mogleg å få tatt ein prøve. Derfor blei det også lagt ein stasjon (SAN1B) 40 meter utanfor utsleppspunktet (66 meters djup). Plassering av stasjonane er vist på kartet på side 9 i vedlegg 7 til søknaden.

Resultat:

SAN1A:

Dårlig økologisk tilstand på SAN1A, altså ved utsleppspunktet. Relativt artsfattig botnfauna dominert av fleirbørstemark og muslingar. Det var totalt 32 artar og individtettheten var høg (27 440/m²), noko som ofte er knytta til forureining. Totalt prøveareal: 0,025 m².

SAN1B: Svært god økologisk tilstand på SAN1B. Relativt artsrik botnfauna med totalt 75 artar. Individtettheten var på 19 750/m². Totalt prøveareal: 0,1 m².

SAN2: Svært god økologisk tilstand. Det var totalt 126 artar og individtettheten var på 5548/m². Fleirbørstemark var den dominerande gruppa både med omsyn til talet på individ og talet på artar, men det var også innslag av artar frå alle dei store taksonomiske gruppene (fleirbørstemark, muslingar, krepsdyr og pigghudar). Totalt prøveareal: 0,4 m².

Som det går fram over er prøvearealet for dei tre stasjonane ulikt, det vil ha innverknad på talet på artar ein finn. Større areal gir fleire artar.

1.6 Utslepp til luft

Kjelane har ei maks yting på 3,72 MW. Det vert fyrst med olje og propan.

1.7 Lukt

Av diffuse utslepp er det «fjøsukt» frå oppstalling av slaktedyr. Det kan også oppstå lukt ved mellomlagring av animalske biprodukt. Dette er løyst ved at proteinråstoff vert mellomlagra i tette containarar med lokk.

1.8 Kjølevatn

Det er søkt om utslepp av 0,7 m³/t kjølevatn til Rødneelva. Temperaturen på kjølevatnet ved utslepp er på 20 °C. Det vert ikkje nytta kjemikalier i kjølevatnet.

1.9 Energi

Energikjelder Nortura nyttar er propan, elektrisk kraft og olje. Total energibruk er 21 060 000 MJ/år eller om lag 6 GWh/år. Dette er energibruken til rundt 278 bustader. Ca 62 % av energien kjem frå fossilt brennstoff .

1.10 Støy

Det har ikkje vore naboklager på støy dei seinare åra.

2. Offentleg ettersyn

Fylkesmannen sørger for kunngjering av søknaden i Grannar og Haugesunds Avis. Kunngjeringskostnadane vert dekkja av søkjar. Kunngjeringssteksten følger vedlagt.

Vi ber kommunen leggje eitt eksemplar av kunngjeringa ut til offentlig innsyn på rådhuset i kommunen. Fylkesmannen vil dessutan legge ut søknad på vår nettside www.fylkesmannen.no/rogaland under ”miljøvernavdelinga” og ”høyringar”. Det er berre Vindafjord kommune som får papirkopi av søknaden. Andre må finne søknaden på nettsida til Fylkesmannen.

Vi ber om opplysingar om lokale forhold som gjeld helse og miljø som vi bør ta omsyn til når vi avgjer søknaden. Særskilt ynskjer vi opplysingar om bedrifta sine utslepp kan føre til konflikter i forhold til mål for vassregionen i området. De bør elles opplyse om kommune- og reguleringsplanar, noverande og framtidige interesser i området, og resipientforhold og naboforhold som de meiner er relevante for saka.

Vindafjord kommune har frist på åtte veker for å sende merknader til søknaden. Aktuelle råd, interesseorganisasjonar og andre som kan ha interesse i saka må uttale seg innan fem veker etter at brevet er motteke. Vi ber om at fråsegner også blir sendt i kopi til kommunen.

Med helsing

Marit Sundsvik Bendixen
ass fylkesmiljøvernssjef

Kristin Espeset
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Kristin Espeset
Saksbehandlar telefon: 5156 8878

Vedlegg:
2 permer med søknadspapirer (skal til Vindafjord kommune)

Kopi til:

Sigurd Østbø	Østbø	5585	SANDEID
Janet Leite	Eidsvegen 15	4230	SAND
Jan Reidar Huse	Østbø	5585	SANDEID
Sigurd Østbø	Østbø	5585	SANDEID
Sandeidtunet Borettslag	Haraldsgata 75	5528	HAUGESUND
Johan Herlof Skeie	Postboks 157	5589	SANDEID
Vikedal Eiendom		5583	VIKEDAL
Karl Johan Hustvedt	Sjoargarden	5585	SANDEID
Torleif Kåre Skeie	Postboks 114	5589	SANDEID
Ruth Jorunn Heggebø	Postboks 74	5589	SANDEID
Inger Elise Hustvedt	Østbø	5585	SANDEID
Henny Bjelland	Østbø	5585	SANDEID
Nortura BA avd Sandeid	Postboks 10	5589	SANDEID
Margrete Endersen	Postboks 26	5589	SANDEID
Ølen Betong Gruppen AS		5582	ØLENSVÅG
Kjetil Langelid	Postboks 20	5589	SANDEID